



NAUSTDAL: Bedøvd og innepakka i eit handklede må fisken snart bøte med livet, men først skal den ettertrakta Nausta-laksen gje frå seg nokre tusen rogn.

TEKST OG FOTO:
IVAR MYKLEBUST LONGVASTØL

Det er ein gnistrande vakker haustdag, kalenderen viser 12. november. Fire karar har møtt opp i Naustdalsfossen for å stryke laks. Tre veker tidlegare henta dei stamfisken frå ei merd litt lenger inne i Førdefjorden. 29 laksar, med eit stort fleirtal av hoer.

Karane er medlemmer i Naustdal Elveeigarlag og veit kva dei skal gjere. Ein god sesong i elva gir inspirasjon til å halde på, sjølv om mange kveldar og ettermiddagar går med til kultiveringsarbeidet.

DETTE ER GARANTERT Nausta-laks. I år har det ikkje vore oppdrettsfisk blant stamfisken i det heile, og det viser at fjordsystemet fungerer bra, seier Ivar Horstad.

Han har vore leiar i stiftinga «Nausta -

ei framtid for villaksen», eit arbeid som no går inn igjen i elveeigarlaget.

For å få eit godt resultat, er det avgjerande å stryke fisken på rett tidspunkt. Alf Helge Fimland håvar opp ein og ein laks og legg den i ein mindre stamp fylt med vatn og eit middel som skal roe ned fisken. Så legg han eit handklede på bakken, tek ut hofisken og pakkar henne forsiktig inn. Dette vert gjort for at fisken ikkje skal vri seg laus og bli skadd.

Han går inn i bua der Frank-Rune Hove Ås og Kjetil Ullaland ventar. Frank-Rune sit på ein stol og gjer seg klar til å stryke ut egga, medan Kjetil har henta fram ein plastpose for å samle opp rogn. Han rører ikkje fisken for å hindre smitte.

Når hofisken er gytemogen, er det nok

SOM EIT LITE BARN: Alf Helge Fimland ber varsamt på ein holaks som er klar til å strykast. Arbeidet vert gjort ved Naustdalsfossen, ein av dei mest attraktive lakserettane i Nausta. Her fiskar John Fredriksen kvar sommar.

Ber på FRAMTIDA til villaksen



VENTETID: Stamlaksen har gått i ei merd i Førdefjorden. Oddbjørn Schei og Ivar Horstad med håven.



TILBAKE: Laksen kjem tilbake til Naustdalsfossen. Kjetil Ullaland på veg med ein laks i den blå mappa.

å føre fingrane lett nedover buken før dei store, oransje egg sprutar ut.

I naturen, på elevbotnen, må hoa gjere denne jobben sjølv. Du har sikkert sett TV-bileta korleis ho vrir og vender på seg for å presse ut egg, medan beilarane kjempar om beste posisjon for å sprute den kvite mjølken over. I fiskebua ved Naustdalsfossen er hannfisker allereie stroken og den livgivande sæden er samla opp i små plastboksar og merkt. Der er det karane i elveigarlaget som bestemmer kven som slepp til.

TOMMELFINGERREGELEN er at ein holaks på fire kilo gir ein liter rogn, som inneheld kring 5000 egg. Den største laksen blant årets stamfisk er på 12 kilo, teken på stong i Hovefossen.

«Der har yngelen ikkje konkurranse frå vill lakseyngel. Han veks godt og der er gode skjul»

Ivar Horstad, elveigar



Ivar Horstad fortel at det er åttande året på rad at elveigarane og stiftinga har drive kultivering i Nausta. Fram til for fire-fem år sidan vart det fiska for mykje i den attraktive elva, og det vart sett i gang ulike prosjekt for å skaffe seg meir kunnskap, mellom anna i samarbeid med Norsk institutt for naturforskning (NINA).

Med for hardt fiske vart det for lite laks igjen i elva til å gyte, og elveigarane intensiverte kultiveringsarbeidet. Eit viktig grep har vore å setje ut rogn og yngel ovanfor den lakseførande delen av Nausta, på ei strekning ovanfor Kallandsfossen 12 kilometer oppe i dalen, fossen som stoggar den naturlege vandrainga til laksen.

- Der har yngelen ikkje konkurranse frå vill lakseyngel. Han veks godt og der er

gode skjul. Dette har vore vellykka, seier Horstad.

Elveigarane strauk den siste laksen ei veke før jul. I klekkeriet vart rogn og mjølke forsiktig blanda i ei plastbøtte og deretter plassert i kar med sirkulerande ferskvatn. I løpet av januar vil dei befrukta eggja utvikle seg til augerogn, og dersom Nausta held seg isfri framover, vil rogna bli plassert i kasser med spesialgrus og sett ut i elva.

- I fjor var det is i elva, og yngelen vart klekt i mars og april og levde på plomme-sekken fram til han vart sett ut i elva i juni, fortel Horstad.

FISKEFORVALTAR MARTINE Bjørnhaug hos Fylkesmannen fortel at det vert drive kultivering i mange av dei mest fiskerike

elvane i Sogn og Fjordane, som Gaula, Osenvassdraget, Jølstra, Daleelva i Høyanger, Årøyelva og Vikja. Ved kraftutbygging er ein ofte pålagd å setje ut yngel, men det kan også vere nødvendig når ein bestand er sårbar av andre årsaker. Samstundes er forvaltaren klar på at når ein stamme har teke seg opp, så bør villfiske klare seg sjølv utan innblanding.

«Ved kultivering tek ein ut eit tilfeldig utval hoer og hannar, og det er ei selektering som ikkje er ønskeleg»
Martine Bjørnhaug, fiskeforvaltar

- Ved kultivering tek ein ut eit tilfeldig utval hoer og hannar, og det er ei selektering som ikkje er ønskeleg, seier Bjørnhaug med referanse til Darwin og «Survival of the fittest».

Difor vil Direktoratet for naturforvaltning og Bjørnhaug vurdere om ein i nokre vassdrag skal stogge kultiveringsarbeidet.

2011 var eit oppløftande år for fiskarar og elveigarar. Statistikken for 32 elvar i fylket der det var lovleg å fiske laks, viser ein samla fangst på 30,6 tonn. Det er berre 10 tonn mindre enn i toppåret 1973, men med ein stor skilnad. På 1970-talet vart det i tillegg fiska over 100 tonn laks i sjøen årleg, medan sjøfangsten siste to åra var tilnærma null.

Forskarane har ikkje fasiten på kvifor villaks-bestanden ser ut til å vere på veg



HØGTIDLEG: Frank-Rune Hove Ås (t.v.) stryk fisken og Kjetil Ullaland held fram ein plastpose og tek imot rogn. Fiskeforvaltar Martine Bjørnhaug hos Fylkesmannen kallar kultiveringsarbeidet i Nausta for eit prakt eksempell.



FERDIG: Laksen vert drepen etter at han er stroken. Alle fiskane er merka og vert levert til veterinær Inge Kaada som obduserer og sjekkar for sjukdom.



BEFRUKTING: Mjølke vert helt forsiktig over i bøtta med rogn. Vanlegvis vert 92-93 prosent av rognabefrukta i klekkeriet.



PÅ Plass: Over 100.000 egg er no på plass i klekkeriet, under oppsyn av Ivar Horstad (t.h.) og Frank Are Fredriksen.

oppover igjen. Det kan vere resultat av kultiveringsarbeidet, oppdrettarar som har skjerpa seg og intensivert og systematisert kampen mot lakselusa, og det skuldast ikkje minst mattilgangen i havet.

- Vi er usikre på om det verkeleg har snudd, seier Bjørnhaug, som har fått ei ny bekymring, den dårlege utviklinga for sjøauren.

IKLEKKERIE i Naustdal kan dei glede seg over at elva toppar fangststatistikken for laks i fylket med god margin. Der ligg no i overkant av 100.000 befrukta egg og utviklar seg, under oppsyn av pensjonist Frank Are Fredriksen. Han er innom nesten dagleg.

Kring 92-93 prosent av eggane vert vanlegvis befrukta, resten vert fjerna. Det sto-

re fråfallet kjem først når yngelen ristar seg ut av grusen i rognkassa og vert bytte for fisk og fugl og andre farar oppe i elva.

Ivar Horstad i elveigarlaget seier at kring 3000 (kring 3 prosent) overlever og vandrar ut av elva som smolt etter to år, og ute i fjorden og havet ventar ein ny kamp for å overleve på vegen tilbake til barndommens elv.

Horstad er likevel sikker på at den jobben den harde kjerne i elveigarlaget gjer, er viktig.

- Skjelp prøvene frå stamfisken i 2011 tyder på at halvparten av desse fiskane kjem frå kultivering, seier Horstad.

I Vikja i Sogn har elveigarar og forskarar sikrere målingar, for der tek dei nemleg ut øyresteinene på laksen som vert fis-

ling for Ferskvassøkologi, laksefisk og botndyr ved UNI Miljø i Bergen seier at mellom 20 og 40 prosent av laksen i elva stammar frå rognplanting i Vikja.

- Resultatet vert best når materialet ein brukar i størst mogleg grad er likt den naturlege fisken i elva. Difor har ein i stor grad gått bort frå å setje ut smolt og yngel til å plante augerogn. Då må yngelen som kjem ut av gropa kjempe for tilværet på same måten som villfisken, og ein får ein meir robust smolt, seier Barlaup.

Ivar Horstad meiner at kultiveringsarbeidet bør halde fram.

- Det fine er at vi må vere ute i elva heile året. Vi følgjer med, og vi har eit engasjement rundt dette som kan bli vekke viss vi sluttar, seier Horstad.

Oppdrettar med på laget

SVANØY/NAUSTDAL: Lakseoppdrettar Ola Sveen er på same lag som elveigarane.

- Villaksen er ein fantastisk skapning som vi må få tilbake i elvane. Dessutan må vi oppdrettarar gjere meir for å betre omdømmet vårt, seier Sveen.

Gudbrandsdølen har arbeidd med rogn og stamfisk på Svanøy i 30 år, og no deler han kunnskapen sin med dei som driv kultivering i Nausta, Ljøstra og Osenvassdraget.

- Eg har interessert meg for dette heilt sidan eg heldt på med fjellaure på Lesja på 1960-talet, fortel Sveen som jobba med laks på Aquaforsk på Sunndalsøra før han kom til Svanøy.

Sveen seier at oppdrettarane rundt om har mykje utstyr liggjande som kan komme til nytte i klekkeria som elveigarane driv. Dessutan gir han faglege råd om drifta.

- Mi erfaring er at vi med enkle middel kan heve standarden i klekkeria, seier Sveen.

- Vi får litt råd kvar gong han er her. Ola veit kva han driv med, og han er ein fin type, seier Ivar Horstad i Naustdal Elveigarlag.

Ola Sveen konstaterer at det mange stader er dårleg kjemi mellom oppdrettarane og villaksforkjemparane. Han meiner at hjelp med utstyr og rådgjeving slik ein har fått til i Sunnfjord, er ein modell som fleire burde nytte.

- Er du sjølv laksefiskar?
- Nei, men eg likar å filme når andre fiskar. Det er kjekt å sjå at laksen er tilbake i elvane, og å sjå gløden i auga til dei som held på. Eg filmar også mykje av det arbeidet vi gjer i elvane og klekkeri, slik at næringa kan dokumentere det og det kan vere til kunnskap for andre, seier Ola Sveen.



ERFARING: Ola Sveen har halde på med kultivering sidan han heldt på med fjellaure på Lesja på 1960-talet.